



DELEGERINGS- REGLEMENT

Vedtatt i kommunestyret 23.02.17 (KS 02/17)

INNHOLD

1. INNLEIING.....	2
2. OM KOMMUNELOVA OG DELEGERING	2
3. FORMANNSKAPET.....	5
4. KOMMUNEPLANUTVALET.....	8
5. TENESTEOMRÅDE FOR OPPLÆRING OG KULTUR	9
5.1 Opplæring	9
5.2 Kultur.....	13
6. TENESTEOMRÅDE FOR HELSE- OG SOSIALSAKER	16
7. TENESTEOMRÅDE FOR TEKNISKE SAKER OG NÆRING.....	23
8. RÅDMANNEN	35
9. DELEGERING I ØKONOMISAKER	37
1. Føremål, lovar og forskrifter	37
2. Definisjonar	37
10. DELEGERING I PERSONALSAKER	41
11. GENERELLE REGLAR OM FULLMAKT OG OVERPRØVING	43
12. POLITISK STYRINGSMODELL	45

* **KOMMUNEN SITT KLAGEORGAN** består av 5 medlemmar frå formannskapet

1. INNLEIING

Utgangspunktet for delegering av mynde i kommunane er kommunelova av 25. september 1992 nr. 107. I denne lova blei det nedfelt fleire sentrale målsetjingar:

1. Styrke politikarane si rolle i kommunane, dvs. gjere det politiske ansvaret og leiarskapet tydeleg.
2. Klårgjere tilhøvet mellom politikk og administrasjon.
3. Klårgjere funksjonane til administrasjonen ved å styrke den sentrale leiinga og effektivisere tenesteproduksjonen.

Hovudprinsippet er at all mynde til å styre kommunen er lagt til kommunestyret. Det er sjølv sagt flere tilhøve som avgrensar kommunen sitt mynde: Lovar, reglar, avtalar, samt ei rekke økonomiske mekanismar (og sanksjonsmekanismar) frå statleg side gjer at det nok er rimeleg å sjå på kommune-Noreg som eit iverksetjingsorgan for statleg politikk, meir enn som lokale sjølvstyrte einingar.

Kommunestyret er den øvste lokale styringsinstitusjonen. For at kommunestyret skal fungere mest mogeleg effektivt er ein avhengig av at ein del andre politiske organ gjer eit politisk arbeid. Saksmengda i kommunane er stor. Det er difor naudsint å ha ein velfungerande administrasjon, som både legg til rette saker og som avgjer ikkje-prinsipielle saker. Kva som er ikkje-prinsipielt vil kunne skifte over tid. Det sentrale er at ein er merksam på problemstillinga, nemleg at all delegert fullmakt er gått ut frå kommunestyret. Omsynet til god service til innbyggjarane tilseier også at ei sak blir avgjord så raskt som mogeleg.

Den politiske styringa skjer gjennom planar, budsjett/budsjetttramme, resultatvurdering og kontroll. Kommunestyret og formannskapet har ansvaret for overordna planlegging/økonomi. Hovudutvala har ansvaret for gjennomføring av tiltak etter vedtekne planar og økonomiske retningslinjer. Administrasjonen står for laupande drifts- og planleggingsoppgåver. Oppfylling av denne modellen føreset delegering som i alle høve skjer innanfor vedtekne økonomiske rammer. Føresetnaden er likevel at politikkutforminga i hovudsak skjer på overordna nivå i formannskap og kommunestyret.

Siktemålet med delegeringsføreseggnene er å leggje betre til rette for

- overordna økonomisk styring
- klårare ansvarsdeling mellom ulike folkevalde organ og mellom politisk og administrativ nivå
- effektiv ressursutnytting gjennom samordna administrativ leiing

2. OM KOMMUNEOVA OG DELEGERING

I fylgje kommunelova § 6 er kommunestyret det øvste kommunale organet, og det gjer vedtak på vegner av kommunen «så langt ikke annet følger av **lov eller delegasjonsvedtak**» (utheva her).

Kommunestyret er innehavar av all kompetanse som ikkje positivt er lagd til andre kommunale organ. Her vil for det første **særlovgivinga** kunne kome inn i biletet. Tidlegare la særlovane omfattande vedtaksmynde direkte til hovudutvala. Det er no gjort forsøk på å bringe særlovane i harmoni med kommunelova sitt system. Dei fleste særlovføreseggnene om folkevalde organ blei oppheva ved lov nr. 85 i 1993. Kommunestyret har i utgangspunktet fått tildelt det myndet og det ansvaret kommunen har etter den einskilde særlova. Den einskilde kommune kan likevel velje å føre vidare dei folkevalde organa for å ivaretaka dei oppgåvene som vedkomande lov pålegg kommunesektoren å løyse. Organet vil i så tilfelle utøve sitt mynde på vegner av kommunestyret, og ansvaret for oppgåveløysinga vil ligge hos kommunestyret.

Ved sida av at andre organ kan vere tillagde kompetanse gjennom særskilde lovføresegner, føreset § 6 at kommunestyret kan legge vedtakmynde til underliggjande folkevalde organ - og administrasjonen - gjennom «**delegasjonsvedtak**». Kommuneloven gjev vid åtgang til slik delegering:

- § 8 nr. 3: Kommunestyret fastset området for formannskapet si verksemd, med visse unnatak.
- § 9 nr. 5: Kommunestyret kan gje ordførar mynde til å treffe vedtak i einskildsaker o.l.
- § 10 nr. 2 og 5: Kommunestyret kan fastsetje området for faste utval og komitears verksemd.
- § 11 nr. 3: Kommunestyret kan tildele mynde til styre for kommunale bedrifter, institusjonar o.l.
- § 12 nr. 3: Kommunestyret fastset arbeidsoppgåvane til kommunedelutvala.
- § 13: Kommunestyret kan gje formannskapet eller andre mynde til å treffe vedtak i hastesaker.
- § 20 nr. 3: Kommunestyret kan tildele eit ev. kommuneråd avgjerdsmynne (parlamentarisme).
- § 23 nr. 4: Kommunestyret kan gje administrasjonssjefen mynde til å treffe vedtak i einskildsaker o.l.
- § 24 nr. 1: Kommunestyret kan delegere mynde til å opprette/leggje ned stillingar og i personalsaker.
- § 25 nr. 4: Kommunestyret kan fastsetje området for partssamansette utval - administrasjonsutval.
- § 46 nr. 4: Budsjettforskriftene etter kgl.res. 18.12.92 nr. 1079 pkt. II normerer delegering av budsjettmynde.

Størst fridom er det ved delegering til underliggjande, politisk samansette folkevalde organ – dei faste utvala. Her er hovudregelen at kommunestyret kan delegere all mynde, med mindre noko anna er uttrykkjeleg bestemt. Forbod mot delegering er fastslått i dei føresegnene der ein har funne at kompetansen bør ligge eksklusivt til dei øvste organa. Forbod er knytte til dei sakene som har eit klårt overordna styringsføremål, så som kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett. Andre tilfelle kor det er sett delegeringsforbod, er m.a. ved fastsetjing av kommunestyret sitt medlemstal, overgang til nytt styringssystem, val av ordførar, oppretting av og medlemsval til faste nemnder, og tilsettjing av rådmann. Rammene for delegeringshøvet avheng av kven det blir delegert mynde til. Det er større høve til å delegerere til folkevalde organ enn til administrasjonen, og større høve til å delegerere til dei folkevalde organa samla enn til einskilde medlemmar av slike organ.

Delegering av mynde inneber *ikkje* at det delegerande organet reduserer sin eigen kompetanse. Det delegerte myndet kan når som helst takast tilbake, og det delegerande organet vil dessutan alltid ha mogelegenhet til sjølv å gjere vedtak på vedkomande saksområde, utan først å måtte tilbakekalle den generelle delegeringsavgjerdna.

Dessutan vil utøvinga av det delegerte myndet kunne regulerast gjennom instruksar.

Einskilde lovar kan ha avgrensingar i kva som kan delegerast. Dette går eventuelt fram av den einskilde lova og er ikkje omfatta av delegeringsvedtaket.

2.1 Formannskapet

Kommunelova § 8 nr. 3: «*Formannskapet behandler forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. For øvrig fastsetter kommunestyret selv området for formannskapets virksomhet. Formannskapet kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov.*

Høvet til å delegerere er negativt avgrensa, dvs. at det fritt kan delegerast med mindre den aktuelle føresegna har formuleringa “kommunestyret kan (skal) sjølv” eller “kommunestyret vel sjølv”. Når det gjeld delegering etter særlovgivinga, har det tradisjonelt vore operert med eit delegeringsforbod med mindre ein har hatt særskild heimel til det motsette. Dei beste grunnar talar for å leggje til grunn at delegering av særlovs kompetanse frå kommunestyret til formannskapet må kunne godtakast når dette er naudsint for å ivaretaka praktiske behov og omsynet til rasjonell og forsvarleg arbeidsordning. Men kommunelova sitt prinsipp om at dei viktigaste vedtaka av organisatorisk og økonomisk karakter må treffast av kommunestyret sjølv, må sjølv sagt vere uomstridt.

Kommunestyret kan sjølv bestemme at formannskapet skal ha mynde til å gjere vedtak i saker som skulle vore avgjorde av anna organ, når det er naudsint at vedtak blir gjorde så raskt at det ikkje er tid til å innkalle til dette, jf. kommunelova § 13.

2.2 Faste utval

Kommunelova § 10 nr. 2: «*Kommunestyret fastsetter selv området for de faste utvalgs virksomhet. Slike utval kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov.*»

Delegeringshøvet er med andre ord, innanfor vedkomande utvalsområde, den same som i høve til formannskapet; dvs. at den gjeld i alle saker kor ikkje anna fylgjer av lov.

2.3 Administrasjonssjefen(rådmannen)

Kommunelova § 23 nr. 4: «*Kommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret har bestemt noe annet.*» I tillegg er det i kommunelova § 24 nr. 1 gjeve ei uttrykkjeleg føresegn om at m.a. administrasjonssjefen kan bli gitt mynde til å opprette og legge ned stillingar, og til å treffe avgjørder i personalsaker.

I rutineprega saker kan det vere praktisk å overlate sjølv avgjerdene til administrasjonen, slik at dei folkevalde får betre tid til å konsentrere merksemda om den overordna politiske styringa av verksemda. Føresegna gjev kommunestyret eit vidt spelrom for å vurdere kva som i det einskilde tilfellet er forsvarleg og føremålstenleg. Alle folkevalde organ kan delegere mynde til administrasjonen innanfor sitt saksområde, viss ikkje kommunestyret bestemmer noko anna. Tidlegare var det høve til å delegere direkte til kommunalsjefar, men no skal all mynde delegerast til rådmannen, som ev. kan delegere vidare til sine underordna. Det dreier seg då om såkalla intern delegering. Vedtak som blir gjorde og innstillingar som blir gjevne av tenestemenn på grunnlag av intern delegering, skjer på rådmannens vegner.

Kommunelova har sterke intensjonar om politisk heilskapleg styring og administrativ heilskapleg leiing. Lova legg difor opp til at ein skal klårgjere dei interne ansvars- og kommandolinene i kommunen. Sentrale målsetjingar er å styrke politikarane si rolle i kommunane (dvs. gjere det politiske svaret og leiarskapet tydeleg), klårgjere høvet mellom politikk og administrasjon, og klårgjere administrasjonen sine funksjonar ved å styrke den sentrale leiinga og effektivisere tenesteproduksjonen.

3. FORMANNSKAPET

3.1 Lov om rettergangsmåten i straffesaker av 22. mai 1981 nr. 25 (straffeprosesslova)

Delegering – formannskapet:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter straffeprosesslova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til formannskapet.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Delegering – rådmannen:

Kommunestyret delegerer sitt mynde etter straffeprosesslova § 81a, 2. ledd til rådmannen. I dette ligg mynde til å krevje påtale i alle saker som gjeld innbrot, hærverk på kommunale eigedomar og elles *i dei tilfella der omsynet til etterforskinga krev rask påtale.*

Elles ligg det alminnelege myndet etter straffeprosesslova hjå formannskapet.

Klage:

Klage over kommunalt vedtak gjort av rådmannen etter straffeprosesslova § 81a, 2. ledd, skal behandlast av kommunen sitt klageorgan.

Klage over kommunalt vedtak gjort av formannskapet etter straffeprosesslova, skal behandlast av kommunestyret.

3.2 Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21.juni 2002 nr.45 (yrkestransportlova)

Verkeområdet til lova:

Den som mot vederlag skal drive transportverksemد etter yrkestransportlova må søkje om løye. Løyvemyndigheit er fylkeskommunen, jf. yrkestransportlova kap. 3.

Delegering – formannskapet:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter yrkestransportlova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til formannskapet.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Klage:

Klage over kommunalt vedtak etter yrkestransportlova skal behandlast av kommunestyret.

3.3 Lov om stadnamn av 18.mai 1990 nr.11 (stadnamnlova)

Delegering – formannskapet:

Kommunestyret delegerer mynde til å kome med uttale i saker etter stadnamnlova § 7, til formannskapet.

§ 10 Klage:

Klage over kommunalt vedtak etter stadnamnlova § 7 skal behandlast av kommunestyret. Klage på andre kommunale vedtak etter stadnamnlova skal behandlast av kommunen sitt klageorgan.

For ytterlegare delegering etter stadnamnlova, sjå under «**Opplæring og kultur**» i dette delegeringsreglementet.

3.4 Lov om vegar av 21. juni 1963 nr. 23 (veglova)

Delegering – formannskapet:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter veglova § 50 til formannskapet.

I dette ligg mynde til å setje i verk eigedomsinngrep mot vederlag etter skjøn viss det trengst til bygging, utbetring, vedlikehald og drift av kommunal veg.

§ 11 Klage:

Klage over kommunalt vedtak etter veglova § 50 skal behandlast av kommunestyret. Klage på andre kommunale vedtak etter veglova skal behandlast av kommunen sitt klageorgan.

For ytterlegare delegering etter veglova, sjå under «**Tekniske saker og næring**» i dette delegeringsreglementet.

3.5

Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr. 16 (friluftslova)

Delegering – formannskapet:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter friluftslova § 22, 3. ledd til formannskapet. I dette ligg mynde til å opptre, klage og reise søksmål for å ivaretaka ålmentas interesser i alle saker av interesse for friluftslivet.

§ 24

Klage:

Klage over kommunalt vedtak etter friluftslova § 22, 3. ledd skal behandlast av kommunestyret. Klage på andre kommunale vedtak etter friluftsloven skal behandlast av kommunen sitt klageorgan, viss ikke anna går fram av friluftslova sjølv.

*

For ytterlegare delegering etter friluftslova, sjå under «**Tekniske saker og næring**» i dette delegeringsreglementet.

3.6

Lov om helligdager og helligdagsfred av 24. februar 1995 nr. 12 (heilagdagsfredlova)

Føremålet med lova:

«*For å verne om det gudstjenestelige liv og den alminnelige fred på helligdager og for å gi høytiden ro og verdighet, skal det være helligdagsfred i samsvar med reglene i denne lov.*»

Delegering – formannskapet:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter heilagdagsfredlova § 5 til formannskapet; dvs. mynde til å søkje dispensasjon fra føresegna om at utsalstader skal vere lukka på heilagdagar.

Klage:

Klage over kommunalt vedtak etter heilagdagsfredslova § 5 skal behandlast av kommunestyret.

3.7

Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.juni 2008 nr. 71 (plan- og bygningslova)

Delegering – formannskapet:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter plan- og bygningslova kap. 17 til formannskapet. I dette ligg mynde til å godkjenne forslag til utbyggingsavtale mellom kommunen og private utbyggjarar. Ei utbyggingsavtale skal sikre gjennomføring av kommunal arealplan.

§ 17-5

Klage:

Utbyggingsavtalar kan ikke påklagast.

*

For ytterlegare delegering etter plan- og bygningslova, sjå under «**Kommuneplanutvalet**», og under «**Tekniske saker og næring**» i dette delegeringsreglementet.

3.8 Delegering av mynde fra kommunestyret i avgjelder som ikke er regulert i særlov

Delegering – formannskapet:

Krevje skjøn etter avtalar eller oreigningsvedtak, og anke over/godkjenning av skjøn som er halde.

Ivaretaka kommunen sine interesser som eigar i samband med utbyggingssaker der Hå kommune er granne.

Legge føringar for og godkjenne tariffavtalar og forhandlingsresultat.

Godkjenne kurs og andre opplæringstiltak for tilsette og ombodsmenn, der avgjerda ikke er lagd til anna organ.

Godkjenne forslag til avtale om privat drift.

Velje nye medlemar og varamedlemar til valstyra.

Formannskapet skal godkjenne alle avtalar i grunnforhandlingssaker om kjøp av grunn for over kr. 100 000,-, under føresetnad av dekning i budsjett. Forhandlarane i grunnforhandlingssaker (forhandlingsutvalet) har til oppgåve å, på vegner av formannskapet, forhandle fram føreslag til avtalar i slike saker som skal godkjennast i sak for formannskapet. Forhandlingsutvalet skal bestå av ordførar og varaordførar.

Klage:

Klage på avgjelder skal behandlast av kommunestyret i samsvar med reglane i forvaltingslova.

Kommunestyret skal alltid avgjere fylgjande saker:

- Spørsmål som kan vere av større prinsipiell betydning.
- Igangsetting av nye tiltak eller vesentleg utviding av eldre.
- Hovudtrekk i organiseringa av kommuneadministrasjonen.
- Kommunestyret si eiga saksbehandling.
- Langtidsplanar, utbyggingsoppgåver, økonomiplan, samt andre planar og tiltak av overordna art.

4. KOMMUNEPLANUTVALET

**** **Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.juni 2008 nr.71
(plan- og bygningslova)**

§ 1-1 Føremålet med lova:

«Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsigte løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.»

Delegering – kommuneplanutvalet:

Kommunestyret delegerer fylgende arbeidsoppgåver til kommuneplanutvalet

§10-1 Utarbeide forslag til planstrategi i samsvar med § 10-1
§11-13 Utarbeide forslag til planprogram for kommuneplanar, jf. §
§11-12 11-13 Utarbeide forslag til kommuneplan, jf. §§ 11-12 og
og 11-14
§11-14

§ 1-9 Klage:

For forvaltingsavgjelder etter plan- og bygningslova gjeld reglane i forvaltingslova, viss ikke anna går fram av plan- og bygningslova sjølv.

Klageinstans for kommunale vedtak etter plan- og bygningslova er fylkesmannen.

* For ytterlegare delegering etter plan- og bygningslova, sjå under «**Formannskapet**», og under «**Tekniske saker og næring**» i dette delegeringsreglementet.

5. TENESTEOMRÅDE FOR OPPLÆRING OG KULTUR

5.1 Opplæring

5.1.1	<u>Lov om barnehager av 17.juni 2005 nr. 64 (barnehagelova)</u>
§ 1	<p>Føremålet med lova:</p> <p>«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.</p> <p>Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.</p> <p>Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»</p>
§ 8	<p>Kommunen sitt ansvar:</p> <p>«Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veileding og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.</p> <p>Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jfr. § 12a. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov.</p> <p>Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske Distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene Legges til rette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur.</p> <p>Hver kommune skal opprette og føre register til bruk for Arbeids- og velferdsetaten i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteloven. Registeret kan samkjøres mot Arbeids- og velferdsetatens register over mottakere av kontantstøtte. Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om føringen av registeret, hvilke opplysninger registeret skal inneholde og behandlingen av disse opplysningene.</p> <p>Kommunen har rett til innsyn i dokumenter og adgang til barnehagelokaler i den utstrekning dette anses nødvendig for å ivareta kommunens oppgaver.</p> <p>Kommunen forvalter de statlige øremerkede tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.»</p>
	<p><u>Delegering - utval for opplæring og kultur:</u></p> <p>Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde etter barnehagelova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringer i lov, til utval for opplæring og kultur.</p> <p><u>Unnatak:</u></p> <p>Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynde som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.</p> <p>Unnateke frå delegering er barnehagelova § 7 fjerde ledd for kommunale barnehagar.</p> <p>Utval for opplæring og kultur skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.</p>

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter barnehagelova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betyding.

Unnatak:

Dette gjeld likevel ikkje avgjerdsmynne etter fylgjande punkt som er delegert til utval for opplæring og kultur:

- godkjenning av barnehagar og familiebarnehagar, jf. barnehagelova § 10 og § 11.
- vedtak om tidsavgrensa eller varig stenging av barnehageverksemd, jf. barnehagelova § 16.
- vedtak om kommunalt tilskot til godkjende, ikkje-kommunale barnehagar, jf. barnehagelova § 16a, 1. ledd.

§ 9b

Klage:

Fylkesmannen er klageinstans. Når ikkje anna er bestemt i lov, gjeld forvaltingslova for behandling av saker etter barnehagelova.

5.1.2 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61 (opplæringslova)

Føremålet med lova:

§ 1-1

«*Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfold og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalte skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.»

Delegering - utval for opplæring og kultur:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter opplæringslova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for opplæring og kultur.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Delegering – rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter opplæringslova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Unnatak:

Dette gjeld likevel ikkje avgjerdsmynne etter følgjande punkt som er delegert til utval for opplæring og kultur:

- forskrifter om undervisingstid ut over timerammene i forskriftene om samla tid til opplæring i grunnskulen, jf. opplæringslova § 2-2, 2. ledd.
- å fastsetje omfanget av teiknspråkopplæring (tid og innhald), jf. opplæringslova § 2-6.
- forskrift om ordensreglement for den einskilde grunnskule, jf. opplæringslova §§ 2-9 og 2-10.
- å danne felles samarbeidsutval for grunnskulen og kommunale barnehagar, jf. opplæringslova § 11-1.
- å fastsetje vedtekter for skulefritidsordninga (SFO), jf. opplæringslova § 13-7.
- ansvar for at den skulebaserte vurderinga blir gjennomført etter føresetnadane, jf. opplæringslova § 14-1.

§ 15-2 Klage:

Departementet ved utdanningsdirektøren (i praksis fylkesmannen) er klageinstans for enkeltvedtak i grunnskulen og for enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder etter opplæringslova.

For enkeltvedtak i personalsaker gjeld reglane om klageinstans, jf. forvaltingslova § 28.

5.1.3 Delegering av mynde frå kommunestyret i avgjørder som ikkje er regulert i særlov

Delegering – utval for opplæring og kultur:

Justere driftsformene (ev. opprette nye tilbod) ut frå erfaringar og lokale behov innanfor økonomiske rammer.

5.1.4 Lov om frittståande skolar av 4. juli 2003 nr. 84 (friskolelova)

Føremålet med lova:

§ 1-1

Formålet med denne lova er å medverke til at det kan oppretta og drivast frittstående skolar, slik at foreldre og elevar kan velje andre skolar enn dei offentlege, jf. menneskeretsloven § 2 nr. 2.

Opplæringa ved skolar som blir godkjende etter lova her, skal ta sikte på:

- a) å utvikle personlegdommen, talentet og dei mentale og fysiske evnene til elevane,
- b) å utvikle respekt for menneskerettane, grunnleggjande fridommar og for dei prinsippa som pakta til Dei sameinte nasjonane verner om,
- c) å utvikle respekt for foreldra og den kulturelle identiteten, språket og verdiane til eleven, for dei nasjonale verdiane i det landet der eleven bur, og respekt for kulturar som er ulike hans eller hennar eigen,
- d) å førebu eleven til eit ansvarleg liv i eit fritt samfunn i ei ånd av forståing, fred, toleranse, likestilling mellom kjønna og venskap mellom alle folkeslag, etniske, nasjonale og religiøse grupper og personar som hører til urfolk,
- e) å fremje respekten for naturmiljøet.

Det skal leggjast vekt på å skape godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar og mellom skole og heim. Alle som er knytte til skolen, skal arbeide for å hindre at elevane kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.

Delegering – utval for opplæring og kultur:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter privatfriskolelova, med dei til kva tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for opplæring og kultur.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Utval for opplæring og kultur skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering – rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter friskolelova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betyding.

Klage:

Departementet er klageinstans. Når ikkje anna er bestemt i lov, gjeld forvaltingslova for behandling av saker etter friskolelova.

5.2 Kultur

5.2.1 Lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr. 21 (film- og videogramlova)

Lova sitt verkeområde og definisjonar:

§ 1 «Denne lova gjeld framsyning og omsetning av film og videogram i næring. Lova gjeld ikkje kringkasting slik dette er definert i kringkastingsloven.

Film er etter denne lova fotografiske eller teikna bilete som er sette saman på ein slik måte at dei lagar ei levande rørsle.

Videogram er etter denne lova eit elektronisk signal for lagring og attgiving av levande bilete som er skrive inn på eit medium eller ein informasjonsberar.

Departementet kan avgjere at denne lova skal gjelde på Svalbard, Jan Mayen og på anlegg og innretningar på den norske delen av kontinentalsockelen. Departementet kan fastsetje dei særskilde reglane dette krev.»

Delegering – utval for opplæring og kultur:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter lov om film og videogram, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for opplæring og kultur.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Utval for opplæring og kultur skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter film- og videogramlova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Klage:

Klageinstans for kommunale vedtak etter film- og videogramlova er kommunen sitt klageorgan.

5.2.2 Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108 (folkebiblioteklova)

Føremålet med lova:

§ 1 «Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.

Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt bibliotekssystem.»

Delegering - utval for opplæring og kultur:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter lov om folkebibliotek, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for opplæring og kultur.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Utval for opplæring og kultur skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter folkebiblioteklova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betyding.

Klage:

Klageinstans for kommunale vedtak etter folkebibliotekloven er kommunen sitt klageorgan.

5.2.3 Lov om stadnamn av 18. mai 1990 nr. 11 (stadnamnlova)

Føremål og verkeområde:

§ 1

«Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Lova skal sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.

Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta. Lova gjeld også bruk av stadnamn i selskap som det offentlege eig fullt ut og i læremiddel som skal brukast i skolen. Departementet kan i særskilte tilfelle gi forskrift om at lova skal gjelde når selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut, skal bruke stadnamn.

Lova gjeld ikkje for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentsokkelen og Noregs økonomiske sone.»

Delegering - utval for opplæring og kultur:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter stadnamnlova med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for opplæring og kultur.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommuneloven § 10 nr. 2.

Delegeringa gjeld heller ikkje avgjerdsmynne etter stadnamnlova § 7, som er delegert til formannskapet.

Utval for opplæring og kultur skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter stadnamnlova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betyding.

Unnatak:

Dette gjeld likevel ikkje avgjerdsmynne etter stadnamnlova § 7 som er delegert til formannskapet.

Klage:

Klage over kommunalt vedtak etter stadnamnlova § 7 skal behandlast av kommunestyret. Klage på andre kommunale vedtak etter stadnamnlova skal behandlast av kommunen sitt klageorgan.

5.2.4 Delegering av mynde fra kommunestyret i avgjelder som ikke er regulert i særlov

Delegering – utval for opplæring og kultur:

Godkjenne revidering av drifts- og anleggsplan for idretten i Hå kommune innanfor vedtekne budsjetttrammer.

Godkjenne framtidige planar for utbygging av kulturbygg innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Tildele kommunal støtte til lag og organisasjonar i medhald av eige reglement for kommunale støtteordningar. Idrettens kontaktutval og kontaktutvalet for bygg og anlegg skal fortsatt ha uttalerett på sine arbeidsområde. Hå seniorråd gjer innstilling i saker som gjeld velferdstiltak for eldre.

Klage:

Klage på avgjelder skal behandlast av kommunen sitt klageorgan i samsvar med reglane i forvaltingslova.

6. TENESTEOMRÅDE FOR HELSE- OG SOSIALSAKER

6.1 Lov om folkehelsearbeid av 24. juni 2011 nr.29 (folkehelselova)

§ 1

Føremålet med lova:

«Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjerner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.

Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.»

§ 2

Lova sitt verkeområde:

«Loven gjelder for kommuner, fylkeskommuner og statlige myndigheter.»

§ 4

Kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeid:

«Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.

Kommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting. Kommunen skal medvirke til at helsemessige hensyn blir ivaretatt av andre myndigheter og virksomheter. Medvirkning skal skje blant annet gjennom råd, uttaleser, samarbeid og deltagelse i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.»

Delegering – utval for helse- og sosialsaker:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter folkehelselova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for helse- og sosialsaker.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Unnateke frå delegering er avgjerdsmynne etter folkehelselova § 18, som er lagt til kommunestyret sjølv.

Utval for helse- og sosialsaker skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter folkehelselova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Unnatak:

Dette gjeld likevel ikkje avgjerdsmynne etter folkehelselova § 18, som er lagt til kommunestyret sjølv.

§ 19

Klage:

Fylkesmannen er klageinstans. Når ikkje anna er bestemt i lov, gjeld forvaltingslova for behandling av saker etter folkehelselova.

6.2 Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m av 24. juni 2011 nr. 30 (helse- og omsorgstenestelova)

§ 1-1

Føremålet med lova:

«Lovenes formål er særlig å:

1. forebygge, behandle og tilrettelegge for mestring av sykdom, skade, lidelse og nedsatt funksjonsevne,
2. fremme sosial trygghet, bedre levevilkårene for vanskeligstilte, bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer,
3. sikre at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre,
4. sikre tjenestetilbudets kvalitet og et likeverdig tjenestetilbud,
5. sikre samhandling og at tjenestetilbudet blir tilgjengelig for pasient og bruker, samt sikre at tilbuddet er tilpasset den enkeltes behov,
6. sikre at tjenestetilbudet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet og
7. bidra til at ressursene utnyttes best mulig.»

§ 1-2

Lova sitt virkeområde:

«Loven gjelder for helse- og omsorgstjenester som tilbys eller ytes i riket av kommunen eller private som har avtale med kommunen, når ikke annet følger av loven her.»

§ 3-1

Kommunen sitt overordna ansvar for helse- og omsorgstenester

«Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendig helse- og omsorgstjenester.

Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelpotensial, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.

Kommunens ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestens omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift.»

§ 3-2

Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester

«For å oppfylle ansvaret etter § 3-1 skal kommunen blant annet tilby følgende:

1. Helsefremmende og forebyggende tjenester, herunder
 - a. helsetjenester i skoler og
 - b. helsestasjonstjeneste
2. Svangerskaps- og barselsomsorgstjenester
3. Hjelp ved ulykker og andre akutte situasjoner, herunder
 - a. legevakt
 - b. heldøgns medisinsk akuttberedskap og
 - c. medisinsk nødmeldetjeneste
4. Utredning, diagnostisering og behandling, herunder fastlegeordning
5. Sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering
6. Andre helse- og omsorgstjenester, herunder
 - a. helsetjenester i hjemmet,
 - b. personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt,
 - c. plass i institusjon, herunder sykehjem og
 - d. avlastningstiltak.
 - e.

Delegering – utval for helse- og sosialsaker:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter helse- og omsorgstenestelova med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for helse- og sosialsaker.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Unnateke frå delegering er avgjerdsmynne etter helse- og omsorgstenestelova § 6-1. Utval for helse- og sosialsaker skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynnde etter helse- og omsorgstenestelova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betyding.

Unnatak:

Dette gjeld likevel ikkje avgjerdsmynnde etter helse- og omsorgstenestelovs § 6-1 som er lagt til kommunestyret sjølv.

Klage:

§ 9-11
første ledd «*Beslutning etter § 9-5 tredje ledd bokstav a kan påklages av brukeren eller pasienten, verge og pårørende til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal prøve alle sider av saken.*»

§ 9-11
andre ledd «*Vedtak etter § 9-5 tredje ledd bokstavene b og c som er overprøvd av Fylkesmannen etter § 9-8, kan påklages av brukeren eller pasienten, vergen og pårørende, til fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker.*»

For andre kommunale vedtak etter helse- og omsorgstenestelova er klageinstans kommunen sitt klageorgan, viss ikkje anna fylgjer av den einskilde føresegna sjølv.

§ 2-2 «*Forvaltningsloven gjelder tilsvarende for kommunens virksomhet med de særlige bestemmelser som følger av helse- og omsorgstjenesteloven, og av pasient- og brukerrettighetsloven.*»

6.3 Lov om strålevern og bruk av stråling av 12. mai 2000 nr. 36 (strålevernslova)

§ 1 Føremålet med lova:

«*Formålet med denne loven er å forebygge skadelige virkninger av stråling på menneskers helse og bidra til vern av miljøet.*»

Delegering – utval for helse- og sosialsaker:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynnde etter strålevernslova med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for helse- og sosialsaker.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynnde som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Utval for helse- og sosialsaker skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

- å forby, med samtykke av eigar/brukar, ferdsel i utmark på nærmare angjevne strekningar (kommunen sitt vedtak må stadfestast av fylkesmannen) jf. friluftslova § 2.
- gje løye til at eigar/brukar kan krevje rimeleg avgift for åtgangen til friluftsområde, jf. friluftslova § 14.
- fastsetje, med samtykke av eigar/brukar, åferdsreglar som kvar ein som ferdaast på friluftsområde pliktar å fylgje (kommunen sitt vedtak må stadfestast av fylkesmannen) jfr. friluftslova § 15.

- å kreve arbeidet stansa viss nokon bygging, inngjerding eller anna arbeid blir påbyrja i strid med forbod eller pålegg gjeve i eller i medhald av friluftslova, jf. friluftslova § 40.

Klage:

§ 24

Klage over kommunalt vedtak etter friluftslova § 22, 3. ledd skal behandlast av kommunestyret. Klage på andre kommunale vedtak etter friluftslova skal behandlast av kommunen sitt klageorgan, viss ikkje anna går fram av friluftslova sjølv. I friluftslova § 24 er det m.a. sagt:

«*Når ikke annet er bestemt, gjelder forvaltningsloven for behandling av saker etter denne lov.*

For behandlingen av saker etter §§ 14, 18 første ledd, 35 første, annet og tredje ledd og 40 første, annet og tredje ledd gjelder reglene om enkeltvedtak i forvaltningslovens kapittel IV, V og VI. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.»

*

For ytterlegare delegering etter friluftslova, sjå under «**Formannskapet**» i dette delegeringsreglementet.

7.17

**Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82
(motorferdsellova)**

Føremålet med lova:

§ 1

«*Formålet med denne lov er ut fra et samfunnsmessig helhetssyn å regulere motorferdselen i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen.*»

Delegering – utval for tekniske saker og næring:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for tekniske saker og næring.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Utval for tekniske saker og næring skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter motorferdsellova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

§ 6

Klage:

Fylkesmannen er klageinstans. Når ikkje anna er bestemt i lov, gjeld forvaltningslova for behandling av saker etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

7.18

**Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd av 7.juni 1996 nr. 32
(gravferdslova)**

Delegering – utval for tekniske saker og næring:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter gravferdslova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for tekniske saker og næring.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Utval for tekniske saker og næring skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter gravferdslova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

§ 24

Klage:

Fylkesmannen er klageinstans for klager på kommunale vedtak etter gravferdslova.

7.19

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova) av 14. juni 2002 nr. 20

§ 1

Føremålet med lova:

«Loven har som formål å verne liv, helse, miljø og materielle verdier mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønskede tilskittede hendelser.»

Delegering – utval for tekniske saker og næring:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter brann- og eksplosjonsvernlova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for tekniske saker og næring.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligger til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Utval for tekniske saker og næring skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter brann- og eksplosjonsvernlova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

§ 41

Klage:

«Departementet er klageinstans for vedtak truffet av eller på vegne av sentral tilsynsmyndighet eller av andre offentlige organer i medhold av § 31.

Sentral tilsynsmyndighet er klageinstans for vedtak truffet av kommunestyret eller fylkesmannen. For andre vedtak truffet av kommunen gjelder forvaltningsloven § 28 annet ledd.»

7.20

Lov om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) av 24. november 2000 nr. 82

Føremålet med lova:

«Denne lov har til formål å sikre en samfunnsmessig forsvarlig bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvann.»

§ 64

«Kongen fastsetter hvem som er vassdragsmyndighet og hvilken vassdragsmyndighet som kan treffe vedtak etter loven, og herunder legge oppgaver etter loven til kommuner.»

I Forskrift om hvem som skal være vassdragsmyndighet etter vannressursloven av 15. desember 2000 nr. 1270 er det bestemt at kommunen skal vere vassdragsmyndighet etter vassressurslova §§ 7 og 16.

Delegering – utval for tekniske saker og næring:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter vassressurslova §§ 7, 11 andre ledd og 16, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for tekniske saker og næring.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Utval for tekniske saker og næring skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynne etter vassressurslova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Dette gjeld likevel ikkje mynde etter lova som er lagt til utval for tekniske saker og næring.

§ 64

Klage:

Fylkesmannen er klageinstans. Når ikkje anna er bestemt i lov, gjeld forvaltningslova for behandling av saker etter vassressurslova.

7.21 Lov om forpakting (forpaktingslova) av 25. juni 1965 nr. 1

Omfanget av lova:

§ 1

«*Lova gjeld forpakting av eigedom, som skal nyttast til jordbruks- eller skogbruksproduksjon.*

Unntatt er:

- a) *forpakting av eigedom som er mindre enn 5 dekar,*
- b) *forpakting i samband med arbeidsforhold når eigedomen er tillagt arbeidstakaren og inntekta av eigedomen utgjer den mindre delen av lønna,*
- c) *forpakting av eigedom som blir forvalta av militær styremakt,*
- d) *leigeforhold som går inn under husleigelova, 2*
- e) *leige av jordbruksareal utan hus (rein jordleige).*

Både eigar og leigar skal gje melding til kommunen 3 om leigeforhold som nemnd under andre leden, bokstav e), når arealet er over 5 dekar.

Dersom eigedomen skal nyttast til gartneri, forsøksfelt, undervisningsføremål eller liknande, kan departementet etter søknad gjøre vedtak om at forpaktingsforholdet heilt eller delvis skal vere unntatt fra føresegnene i lova.»

Delegering – utval for tekniske saker og næring:

Kommunestyret delegerer si avgjerdsmynnde etter forpaktingslova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til utval for tekniske saker og næring.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynnde som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Utval for tekniske saker og næring skal avgjere einskildsaker eller typar av saker som er av prinsipiell karakter.

Delegering - rådmannen:

Kommunestyret delegerer til rådmannen sitt avgjerdsmynnde etter forpaktingslova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til å avgjere einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betyding.

Klage:

Klage over kommunalt vedtak etter forpaktingslova skal behandlast av kommunen sitt klageorgan.

7.22 Delegering av mynde frå kommunestyret i avgjelder som ikkje er regulert i særlov

Delegering – utval for tekniske saker og næring:

Søknad om tilskot til private kloakkledningar/anlegg.

Klage:

Klage på avgjelder skal behandlast av kommunen sitt klageorgan i samsvar med reglane i forvaltingslova.

8. RÅDMANNEN

8.1 Lov om rettshøve mellom grannar av 16. juni 1961 nr. 15 (grannelova)

Delegering – rådmannen:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter grannelova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til rådmannen.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 10 nr. 2.

Klage:

Klage over kommunalt vedtak etter grannelova skal behandlast av kommunen sitt klageorgan.

8.2 Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr. 107 (kommunelova)

Delegering – rådmannen:

Kommunestyret delegerer mynde til å gje innstilling i alle saker som blir lagde fram for politiske organ, til rådmannen, så framt det ikkje er lovbestemt at andre skal gje slik innstilling, jf. kommunelova § 39.

8.3 Lov om valg til Stortinget, fylkestinget og kommunestyrer av 28. juni 2002 nr. 57 (vallova)

Delegering – rådmannen:

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynne etter vallova, med dei til kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til rådmannen.

Unnatak:

Delegeringa gjeld ikkje avgjerdsmynne som ligg til kommunestyret sjølv i medhald av lov, forskrift eller reglement.

Klage:

Klage over kommunalt vedtak etter vallova skal behandlast av kommunen sitt klageorgan.

8.4 Delegering av mynde frå kommunestyret i avgjelder som ikkje er regulert i særlov

Delegering – rådmannen:

Avgjere ikkje-prinsipielle saker. Med ikkje-prinsipielle saker meiner kommunestyret avgjelder som er i samsvar med økonomiplan, årsbudsjett, kommuneplan, sektorplan og reguleringsplan.

Saker som gjeld drift og ordinært vedlikehald av kommunale eigedomar.

Avgjelder om tildeling av husvære til tilsette, eller - i unnatakstilfelle - til andre med spesielle behov.

Andre saker om kortvarig bruk av kommunale eigedomar.

Tildeling av kommunale bustadomter. Det skal alltid vere minst to personer til stades.

Kjøpe/leige/byggje/renovere leilegheiter og hus til framleige for flyktningar.

Tildele startlån som kommunen har fått låne i Husbanken til vidare utlån.

Endre frå flytande til fast rente på startlån, og ev. tilbake til flytande rente igjen, viss vilkår og prognosar skulle tilseie det.

Tildele startlån som refinansiering.

Avgjelder om å gje avkall på kommunal pant for lån i mindre parsellar samt gje avkall på priorititet for kommunale lån, når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.

Fordele tilskot til politiske parti etter reglar fastsette av departementet.

Gjennomføre dei lokale lønsforhandlingane med dei tilsette/tilsette sine organisasjonar i samband med dei lokale oppgjera. Føresetnaden for fullmakta er at formannskapet i forkant av forhandlingane får leggje føringar for forhandlingane i form av eiga sak. Formannskapet skal også behandle protokollane.

Forhandle om privat drift. Formannskapet skal godkjenne forslag til avtale.

Fastsetje prisar på diverse kommunale tenester m.m. i saker som er ikkje-prinsipielle. Dette gjeld ikkje i saker der kommunen yter tenester i konkurranse med næringsdrivande.

Rådmannen kan inngå avtalar i grunnforhandlingssaker om kjøp av grunn innanfor ei ramme på kr. 100 000,-, under føresetnad av dekning i budsjett.

Selje ledige tomter etter kvart som interesserte måtte melde seg. Etableringslån frå Husbanken – vidareformidling.

Tilskot frå Husbanken til tilpassing av bustad – vidareformidling. Parkeringsløyve.
Tilskot til lag og foreiningar.

Rådmannen får fullmakt til å løyve inntil kr 15 000 frå næringsfondet i samsvar med gjeldande retningsliner for fondet.

Tildeling av tilskot til private vassanlegg. Det er sett opp «*Regler for utbygging av vannforsyning til private i Hå*». Desse reglane beskriv klårt når tilskot skal gjevast.

Tildeling av tilskot til private vegar, etter reglar vedtekne av kommunestyret.

Tildele kommunal støtte til humanitære organisasjonar.

Tildele tilskot til arrangement i lag og organisasjonar innanfor budsjettramma og i samsvar med vedtekne retningsliner.

Klage:

Klage over avgjerd skal behandlast av kommunen sitt klageorgan.

Delegering til rådmannen i krisesituasjonar

I krisesituasjonar, jf. kommunen sin Beredskapsplan, har rådmannen eller den som trer i staden for rådmannen, fullmakt til å:

1. Disponere inntil 5 millionar kroner til naudsynt hjelp til kriseramma, skadeavgrensing og naudsynte sikringstiltak for å berge liv og helse, verdiar og miljø, hjelp ved akutt behov for opprydding og utbetring av materielle skadar og funksjonsforstyrningar.
2. Omdisponering av kommunalt personell og maskinar/utstyr til påtrengande hjelpe tiltak.
3. Mellombels stansing av kommunens verksemder kor dette er naudsynt for å omdirigere ressursar til redningsteneste m.m.
4. At kommunen sine tilsette blir pålagde overtids- og ekstraarbeid utover ordinære rammer.

Rammebeløpet på 5 millionar kroner kan overskridast ved påtrengande behov og kor løyvande myndighet ikkje kan kallast saman. Det blir føresett at slik overskridning skjer etter samråd med ordførar så sant mogleg. Oversikt over forbruk av middel etter det som er sagt ovanfor skal så snart som mogleg leggjast fram som sak til formannskapet til godkjenning.

9. DELEGERING I ØKONOMISAKER

I INNLEIING

1. Føremål, lovar og forskrifter

Føremålet med økonomireglementet er:

- Å beskrive kommunen sine overordna økonomiske rutinar samt fullmakter.
- Å bidra til god økonomistyring

Hå kommune sitt økonomireglement bygger på lovar og forskrifter, irekna:

- Kommunelova av 25. september 1992.
- Bokføringslova av 19. november 2004.
- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale årsbudsjett av 15.12.2000
- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale årsregnskap og årsberetning av 15.12.2000
- Veileder – budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregneskapet av oktober 2011
- Forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak

Lovane og forskriftene kan hentast på [Lovdata](#).

2. Definisjonar

Det blir nytta ulike omgrep i økonomireglementet og nedanfor følgjer definisjonar på desse:

Ramme: Ramme er den sum som er til disposisjon for å løyse oppgåver innanfor eit område eller ei organisatorisk eining.

Brutto driftsramme: Brutto budsjettramme for ei organisatorisk eining, det vil seie brutto utgifter.

Netto driftsramme: Netto budsjettramme som er vedteke for ei organisatorisk eining, det vil seie brutto utgifter minus brutto inntekter.

Prosjekt: Prosjekt refererer til ei spesifisering av tiltak både i drifts- og investeringsbudsjettet/-rekneskapen. Kvart tiltak (prosjekt) vert gitt eit prosjektnummer.

II BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

1. Budsjettprosess og budsjettdokument

1.1 Budsjettprosessane:

1.1.1. Økonomiplan og årsbudsjett vert behandla som ei sak om hausten med fristar tilpassa framlegginga av statsbudsjettet.

1.1.2. Før administrasjonen startar revisjon av økonomiplan og lagar utkast til budsjett, vert det lagt fram sak for formannskapet om hovudprioriteringar og framdriftsplan for arbeidet. Formannskapet gjev føringer for arbeidet.

1.1.3. Administrasjonen legg fram balansert føreslag til økonomiplan og årsbudsjett for hovudutvala og formannskapet. Formannskapet legg saka fram for kommunestyret.

1.2 Økonomiplan/budsjettdokumenta:

1.2.1. Administrasjonen utarbeider eitt teksthæfte med tilhøyrande hovudtabellar for økonomiplan og årsbudsjett. I tillegg blir utarbeida eitt talhæfte med fullstendig føreslag til årsbudsjett på artsnivå.

1.2.2. Årsbudsjettet og økonomiplanen blir utarbeida etter KOSTRA-standarden for tenester og arter.

2 Budsjettvedtaket

- 2.1 Kommunestyret fattar vedtak som angjev netto driftsrammer for hovudutvala og formannskapet. Kommunestyret gjev mål og premissar for tildelinga i tilknyting til dei økonomiske rammene. Kommunestyret fattar vedtak som angjev investeringsrammer for hovudutvala og formannskapet.
- 2.2 Det vert gjeve ei netto driftsramme for kvart hovudutval og formannskapet (heile ansvarsområdet). Det vert gjeve ei investeringsramme pr. teneste.
- 2.3 Prisar, gebyr og avgifter for budsjettåret vert vanlegvis fastsett gjennom budsjettvedtaket i kommunestyret. Satsar innanfor sjølvkostområda er regulert av gjeldande lov/føresegn.
- 2.4 Lån og bruk av/avsetning til fond kan aleine vektakast av kommunestyret.

3 Endring av vedteke årsbudsjett

3.1 Generelt

Årsbudsjettet har ein sentral funksjon som plandokument – det regulerer prioritering av ressursbruk. Dette gjer at vesentlege endringar i forhold til vedteke budsjett berre kan gjerast av kommunestyret sjølv.

3.2 Driftsbudsjettet:

- 3.2.1 Hovudutvala får uavgrensa fridom til å disponere rammeløyvinga til netto driftsutgifter i driftsbudsjettet innanfor sine respektive ansvarsområde. Disponering av ev. meirinntekter på over kr 250.000 pr. inntektsart må likevel godkjennast av kommunestyret, med mindre bruken kan antakast som kurant (meirtilskott med tilhøyrande utgiftsauke og liknande).
- 3.2.2 Hovudutvala kan disponere meirinntekter inntil kr 250.000 pr. inntektsart når dette er naudsynt. Disponering av meirinntekter kan berre gjerast dersom netto driftsutgifter innanfor utvalet sitt ansvarsområde ikkje er overskridne.
- 3.2.3 Hovudutvala kan disponere ev. avsett reserve for tilleggsloyving til styrking av postar innanfor sitt ansvarsområde.
- 3.2.4 Formannskapet har tilsvarende fullmakt for tenester utanfor hovudutvala sine ansvarsområder.

3.3 Investeringsbudsjettet:

- 3.3.1 Hovudutvala kan gjere endringar innanfor den enkelte teneste i investeringsbudsjetten når det gjeld å auke løyvinga til eit prosjekt og redusere eit anna tilsvarende - og finansieringsplanen samla sett ikkje vert endra.
- 3.3.2 Hovudutvala kan disponere meirinntekter til å auke investeringsutgiftene innanfor same teneste i kurante tilfelle (auka tilskott med tilhøyrande auka utgifter, utgiftsdekning og liknande).
- 3.3.3 Formannskapet har tilsvarende fullmakt for tenester utanfor hovudutvala sine ansvarsområde.
- 3.4 Administrasjonssjefen får fullmakt til å omdisponere (sjå under eitt) driftsutgifter i driftsbudsjettet innanfor den enkelte teneste, også når det gjeld disponeringar innanfor tenester som omfattar fleire driftseiningar (t.d. 2020 skolar, 2010 barnehagar og 2620 kommunale bustader for eldre og funksjonshemma).
- 3.5 Administrasjonssjefen får fullmakt til å disponere meirinntekter innanfor den enkelte teneste i kurante tilfelle (refusjon sjukepengar som dekker vikarutgifter o.l.).

4 Disponering innanfor vedteke budsjett

- 4.1 Formannskapet disponerer løyvinga reservert tilleggs- og nye løyvingar. Hovudutvala disponerer ev. slike løyvingar avsett innanfor utvala sine ansvarsområde. Administrasjonssjefen disponerer lønnsreserveposten. Ubrukte middel frå lønnsreserven vert disponert av kommunestyret.

- 4.2 Administrasjonssjefen disponerer løyingane i vedteke budsjett. Nye tiltak og tiltak av prinsipiell betydning skal likevel alltid leggast fram for politisk organ før iverksetting. (Slik framlegging kan også gjerast i budsjettdokumentet).
- 4.3 Investeringar
Prosjekt over 3 mill. skal alltid godkjennast politisk før oppstart. Prosjekta blir lagde fram til politisk godkjenning i aktuelt hovudutval eller formannskap. Prosjekt med kostnadsramme over 25 mil kroner skal godkjennast av kommunestyret.
- 4.3.1 Byggeprosjekt – godkjenning av kostnadsrammer og gjennomføring
Planlegging og gjennomføring av byggeprosjekt skal følge rutine som vedteke i kommunestylesak sak 041/11.
- 4.3.2 Kommunaltekniske bygg og anlegg:
Sak om prosjektgjennomføring skal inneholde:
 - Omtale av og grunngjeving for gjennomføring av prosjektet
 - Entrepriseform
 - Kostnadsoverslag med finansieringsplan
 - Framdriftsplan
 Prosjektet skal elles gjennomførast med eige reglement for prosjektgjennomføring godkjent av kommunestyret.
- 4.4. Ordføraren disponerer avsette løyvingar til representasjon og reiser/kurs folkevalte.
- 4.5. Administrasjonssjefen skal på bestemte tidspunkt i budsjettåret legge fram ei samla vurdering av status i forhold til budsjett både for drift og investering. For tida vert det rapportert pr. 01.05 og 01.09. Vesentlege budsjett- og/eller prosjektavvik skal snarast rapporterast til aktuelt politisk organ.

III DISPONERING AV FOND

Kommunen sine fond vert bygde opp etter følgjande prinsipp (ref kommunestylesak 92/94):

- a) Det vert oppretta eit avgrensa tal fond til ulike formål for kvart tenesteområde samt nokre generelle fond. Forskriftene sine krav til 4 ulike fond ligg til grunn.
- b) For å behalde overordna styring skal kommunestyret godkjenne føreslag til avsetningar til fond. Dette vert gjort fortrinnsvis 1 gong pr. år i november/desember. Dette med dei nødvendige etterhald om godkjenning av årsrekneskapen. Maksimal storleik på disposisjonsfonda er 3% av tenesteområdet si brutto utgiftsramme i opphavleg budsjett.
- c) For å få enklast saksbehandling skal kommunestyret når vedtak om avsetning vert gjort, så langt mogleg samtidig (eller snarast mogleg etterpå) gje underordna organ høve til å bruke midla til formål som bestemt gjennom teksten på dei aktuelle fonda.
- d) Oppstår det problem med å gjere opp årsrekneskapet med positivt resultat, krev forskriftene at avsetningane til fond blir gjennomgått og ev. strykningar blir gjort i samsvar med dei såkalla «strykingsbestemmelsene».

Dette prinsippvedtaket vert følgt opp årleg ved enkeltvedtak i kommunestyret der hovudutval/administrasjonen vert gjeve fullmakt til å bruke dei midla som vert overførde utan at ytterlegare vedtak er naudsynt.

Prinsippet for korleis ansvar vert fordelt mellom politisk og administrativt organ er:

- der fondet er knytt til spesifisert formål angjeve ved konkret art – ikkje reservepost – har administrasjonen fullmakt til å bruke fondet
- for reservepost har aktuelt hovudutval, ev. Formannskapet fullmakt til å disponere midla

For bruken av midla gjeld reglane om budsjett.

IV FORVALTNING AV MIDDEL

Forvalting av middel skal følge finansreglementet. Dette skal godkjennast av kommunestyret i kvar valperiode.

V SKATTESAKER

1. Delegering til skatteoppkrevjaren generelt

Kommunestyret har i sak 74/12 delegert til Kemneren på Jæren fullmakt til å krevje påtale på vegner av kommunen på skattebetalingsområdet. (Fullmakt er gjeve via rådmennene i dei to kommunane).

2. Samarbeid med andre kommunar om skatteinnkrevjing

Kommunestyret har i k-sak 17/12 vedteke å slå saman skatteoppkrevjarkontoret i Hå med skatteoppkrevjarkontoret i Time, ev. også Klepp og Gjesdal. Til grunn ligg avtale om felles skatteinnkrevjing.

Jæren Kemnerkontor vil frå 01.01.2013 vere det nye felles skatteoppkrevjarkontoret for Klepp, Time, Gjesdal og Hå.

Kommunestyret i Hå har i denne forbindelse delegert kommunen sine oppgåver og avgjerdsmynde etter lova, forskrifter og retningsliner nemnde nedanfor via rådmannen i Hå til rådmannen i Time kommune.

- Lov om betaling og innkrevjing av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingslova) av 17.6.2005 nr 67, med tilhøyrande forskrifter og retningslinjer
- Lov om folketrygd av 28.2.1997 nr 19, § 24-4 og § 24-5 med tilhøyrande forskrifter
- Instruks for skatteoppkrevjarar med retningslinjer
- Instruks for føring av skatteregnskap
- Instruks for kontroll og fastsetjing av arbeidsgivaravgift
- Instruks for anmelding til påtalemynndighetene av brot på skattebetalingsområdet
- Retningslinjer for utgiftsføring for skatter og avgifter

Opplistinga er ikkje uttømmande.

Hå kommune har fortsatt ansvaret for at oppgåvene blir utført forsvarlig og etter lover og reglar.

Samarbeidsavtalen inneber at Kemner for Jæren har delegert mynde til å pådra samarbeidskommunane økonomiske forpliktingar innanfor gjeldande budsjett.

VI UINNFRIDDE KOMMUNALE KRAV

1. Uinnfridde kommunale krav

Det er laga interne rutinebeskrivingar der det går fram korleis ulike typar krav skal behandlast med tanke på m.a. oversending til inkasso og når innfordringstiltak skal avsluttast når skyldnaren ikkje er søkegod.

Administrasjonssjefen er delegert mynde til å utgiftsføre uinnfridde kommunale krav der innfordringstiltak er forsøkt i samsvar med rutinane. Administrasjonen i Jæren Everk avskriv strømkrav. Avskriving av sosial- og husbanklån bør ligge til klientutval og formannskap der desse har vedteke tildeling av låna.

Administrasjonssjefen får fullmakt til å etterje delar av hovudstol og renter som ledd i innfordringsaugnemé – oppetter avgrensa til kr 250.000 pr. tilfelle.

I samsvar med budsjettforskriftene skal det budsjetterast med middel til avskriving av krav. Det vert føreset at budsjettmessig dekning er til stades før avskriving skjer.

2. Avgjerd om kommunal medverknad om nedsetting/ettergjeving av kommunale krav vedr. akkord, gjeldssaneringsavtale o.l.

Av og til oppstår slike saker. Er ein bedrift involvert, vil det ofte vere hast i saken pga. fristar som er sett for svar. Vanlegvis vert slike saker lagde fram for formannskapet. Administrasjonssjefen kan gje svar når ein ikkje oppnår aksept for utsetjing av fristen til formannskapet kan behandle saken.

10. DELEGERING I PERSONALSAKER

Kommunelova § 24 nr.1:

«Kommunestyret kan tildele administrasjonssjefen myndighet til å opprette og nedlegge stillinger og til å treffe avgjørelser i personalsaker».

I kommunar som er organiserte etter ”normalmodellen” vil det vere hensiktsmessig at ein stor del av ansvaret for personalsakene blir lagt til administrasjonssjefen/rådmannen. Kompetansen gjeld mynde til å treffe avgjørder – ikkje berre innstilling og iverksetjing av tiltak. Dei folkevalde organa bør nøye seg med å fastsetje økonomiske og organisatoriske rammer og generelle, personalpolitiske retningslinjer.

10.1 Delegering – rådmannen:

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynande i følgjande saker til rådmannen:

1. Opprette og leggje ned stillingar viss vedtaket har heimel i vedteke årsbudsjett.
2. Tilsetje, konstituere og seie opp personar i alle stillingar.
3. Godkjenne instruksar og stillingsdefinisjonar for alle stillingar der tilsetjingsretten ikkje er lagd til kommunestyret.
4. Vedta retningslinjer for tilsetningsprosedyre for stillingar nemnde under pkt. 2.
5. Avgjere søknadar om permisjon, gje retningslinjer for bruk av eigen bil og telefongodtgjersle og avgjere saker om tilhøve til ekstraarbeid utanom hovudstilling for stillingar nemnde under pkt. 2.
6. Ta stilling til tvistar om tolking og praktisering av avtalar, reglement og anna som gjeld tilsetnings- og arbeidsvilkåra til arbeidstakarane.
7. Deltaking på kurs og andre opplæringsopplegg med heil eller delvis dekking av løn.

Kommunelova § 25:

«Det skal i alle kommuner og fylkeskommuner opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg – administrasjonsutvalg – for behandling av saker som gjelder forholdet mellom kommunen som arbeidsgiver og de ansatte».

Arbeidsmiljølova § 7-1:

«I virksomhet hvor det jevnlig sysselsettes minst 50 arbeidstakere, skal det vere arbeidsmiljøutvalg, der arbeidsgiveren, arbeidstakerne og bedriftshelsetjenesten er representert».

Ramma for utvalets oppgåver vil vere kommunens tilsetnings-, løns- og personalpolitikk i vid forstand. Hovudproblemets er å finne fram til ei hensiktsmessig arbeidsfordeling mellom utvalet og administrasjonssjefen. Det ideelle synest å vere at utvalet får oppgåva med å trekke opp dei generelle linene innanfor personalpolitikken, mens administrasjonssjefen i størst mogeleg grad er den som tek avgjørder i einskildsaker, så framt ikkje desse er av meir prinsipiell betydning.

I Hå er det to utval som arbeider med personalspørsmål, administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet, AMU (begge blei oppretta i k-sak 85/97).

Administrasjonsutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 25.
Arbeidsmiljøutvalet er oppretta med heimel i arbeidsmiljølova § 7-1.

10.2 Delegering - administrasjonsutvalet:

Administrasjonsutvalet skal arbeide med saker etter Hovudavtalen Del B § 4.

- overordna retningsliner for kommunen sin personalpolitikk, m.a. utviklings- og omstillingsprosessar
- personalpolitiske retningsliner
- reglement, instruksar og rutinar

Administrasjonsutvalet består av formannskapet sine medlemar, pluss 5 arbeidstakarrepresentantar valde frå dei fire største fagorganisasjonane. Alle medlemene har like rettar i utvalet.

10.3 Delegering – arbeidsmiljøutvalet:

Arbeidsmiljøutvalet skal arbeide med saker etter arbeidsmiljølova § 7-2 med tilhøyrande forskrifter.

AMU har 10 medlemar med varamedlemar; av desse er 5 arbeidsgjevarrepresentantar og 5 arbeidstakarrepresentantar.

Arbeidsgjevarsida er representert ved rådmannen, kommunalsjefar og personalsjef. Til saman 5 arbeidstakarrepresentantar valde frå dei to største fagorganisasjonane. Representantane for arbeidstakarane er valde av og blant arbeidstakarane, etter reglane for val til AMU i Hovudavtalen Del B § 6. AMU tek avgjerder innanfor ramma av vedteke budsjett.

AMU har uttalerett i følgjande saker:

- endring i bemanning og/eller organisering av verksemda
- års- og langtidsbudsjett samt andre langtidsplanar som har verdi innan området
- omdisponering av lokale
- innføring eller vesentleg endring av datasystem

11. GENERELLE REGLAR OM FULLMAKT OG OVERPRØVING

11.1 Bruk av fullmakt

All delegert fullmakt må brukast i samsvar med dei saksbehandlingsreglar som fylgjer av lover, forskrifter, god forvaltingsskikk og retningsliner gitt av overordna organ.

I alminnelegheit skal delegert fullmakt utøvast innanfor budsjettet sine rammer og føresetnadene. Dette gjeld ikkje for visse typar delegering innanfor sosialvesenet og skulevesenet (overslagsproblematikken). Der budsjetttramma ikkje kan utvidast, må underorganet gje overordna organ beskjed snarast, slik at ny ramme kan gjevest.

Det delegerte myndet kan når som helst trekkjast tilbake. Dette gjeld også for einskildsaker. Eit overordna organ kan krevje å få lagt fram for seg ein sak som eit underordna organ har til behandling etter delegert fullmakt.

Den som har fått delegert ein rett til å ta avgjerd, kan overlate til det overordna organet å ta avgjerala i spesielle saker.

11.2 Intern delegering

Dersom særlige reglar ikkje er til hinder for det, kan administrasjonssjefen overlate til andre innanfor sin eigen administrasjon å gjere vedtak på sine vegner (intern delegering).

Vedtak som blir gjorde og innstillingar som blir gjevne av tenestemenn på grunnlag av intern delegering, skjer på administrasjonssjefen sine vegner.

11.3 Overprøving av kommunale vedtak

Det finst fleire måtar å overprøve kommunale vedtak på: etter klage, lovlegheitskontroll eller omgjering. I tillegg kan ein klage til sivilombodsmannen eller gå vegen om domstolane.

1) Etter klage

Me har eit tospora klagesystem i kommunalforvaltinga: Klage etter særlovgjeving (klagebehandling i statlege instansar) eller såkalla "forvaltingsklage" etter forvaltingslova § 28, 2. ledd (intern klagebehandling i den einskilde kommunen).

Forvaltingslova § 28 etablerer ein alminneleg klagerett som inneber at alle kommunale enkeltvedtak kan påklagast av partane eller andre "med rettslig klageinteresse" til det forvaltingsorganet som er nærmast overordna det organet som har gjort vedtaket. Klageinstansen har då plikt til å prøve vedtaket. Klagen skal i prinsippet gå til kommunestyret, men i Hå er det kommunen sitt klageorgan som har fått delegert mynde til å vere klageinstans. *Kommunen sitt klageorgan* består av 5 medlemmar frå formannskapet, og er oppretta med heimel i kommunelova.

Viss det er fastsett reglar om klagebehandling og klageinstans i særlov, vil føresegnene om kommunal klagebehandling i forvaltingslova § 28, 2. ledd måtte vike. Då blir forvaltingslova sitt ordinære system fulgt, med dei modifikasjonar med omsyn til klageinstans og klagevurdering som eventuelt måtte vere fastsette i særlov. Klagene blir avgjorde dels av vedkomande fagdepartement, dels av direktorat og dels av fylkesmannen, fylkeslegen og utdanningsdirektøren i fylket. I Hå kommune har ein valt ei ordning der klagar på enkeltvedtak som administrasjonssjefen har gjort etter delegert fullmakt, skal gå via hovudutvala før saken eventuelt blir send til fylkesmannen.

Viss vilkåra for realitetsbehandling av ei klagesak ikkje ligg føre, har underinstansen åtgang til å avvise klagen, jf. forvaltingslova § 33 andre ledd tredje punktum. Kor eit av hovudutvala er underinstans, og det er klårt at vilkåra for realitetsbehandling ikkje ligg føre, har rådmannen åtgang til å avvise klagen. Eit avvisingsvedtak kan påklagast, jf. forvaltingslova § 2 tredje ledd. Klage over avvisingsvedtak blir lagd fram for det aktuelle hovudutvalet før saken eventuelt blir send til fylkesmannen.

2) Etter krav om lovlegheitskontroll

Kommunestyret sitt vedtak om årsbudsjett, samt formannskapet sine saksdokument, blir sende fylkesmannen til orientering, jf. kommunelova § 45 nr. 4.

Tre eller fleire medlemar av kommunestyret kan saman bringe ei kvar avgjerd som er gjord av eit folkevald organ eller den kommunale administrasjon, inn for fylkesmannen til kontroll av avgjerala si lovlegheit, jf. kommunelova § 59 nr. 1.

Mens klageordningane berre gjeld enkeltvedtak, gjeld lovlegheitskontroll alle typar avgjerder med endeleg verknad for kommunen.

3) Ved omgjering

Det kan hende at eit forvaltingsorgan av eige tiltak finn grunn til å endre eit vedtak det har gjort, altså utan at det er klaga. Organet står likevel ikkje heilt fritt til å gjere dette. I særlovgivinga finst einskilde føresegner som gjer slik åtgang, og i forvaltingslova § 35 er det gitt generelle føresegner om forvaltinga sin åtgang til å revidere vedtak som er gjorde. Det finst ulike typar av omgjering etter forvaltingslova § 35: omgjering av organet sjølv etter eige tiltak, omgjering av overordna organ etter eige tiltak, eller omgjering av overordna organ etter anke.

Hå kommune har innført eit system med ankerett. Kvar sak som skal avgjerast av hovudutval eller formannskap kan ankast inn for avgjerd i kommunestyret av eit medlem av vedkomande organ. Anken må fremjast innan slutten av møtet. I praksis vil ankerett i saker for *kommunen sitt klageorgan*, innebere eit ekstra trinn i klagebehandlinga.

11.4 Kommunen sitt klageorgan

Me har eit tospora klagesystem i kommunalforvaltinga: Klage etter særlovgivinga (klagebehandling i statlege instansar) eller såkalla "forvaltingsklage" etter forvaltingslova § 28, 2. ledd (intern klagebehandling i den einskilde kommunen).

Klageinstans etter forvaltingslova § 28, 2. ledd er i prinsippet kommunestyret, viss ikkje anna er særskilt bestemt. I Hå kommune er det ***kommunen sitt klageorgan*** som etter dette delegeringsreglementet har kompetanse til å behandle klagesaker. Underinstansen forbereder klagesaker. Kor det er klårt at vilkåra for realitetsbehandling av klage ikkje er oppfylte, har rådmannen åtgang til å avvise klagesaka, jf. forvaltingslova § 33 andre ledd tredje punktum. Klage over slikt avvisingsvedtak, jf. forvaltingslova § 2 tredje ledd, blir uansett lagd fram for ***kommunen sitt klageorgan***. Når det kommunale klageorganet tar ei sak under realitetsbehandling, kan klageorganet prøve alle sider ved saka inkludert forvaltingsskjønet, og også nye moment (fvl. § 34, 2. ledd).

Mogelege utfall av klagebehandling i ***kommunen sitt klageorgan***:

- a) Saka blir utsett for innhenting av fleire opplysningar (fvl. § 33 siste ledd).
- b) Klagen blir avvist (fvl. § 34)
 - o som fylgje av manglande klageinteresse (fvl. § 28, 1. ledd).
 - o som fylgje av manglande klagerett: ikkje enkeltvedtak (fvl. § 28 jf. § 2b).
 - o som fylgje av at klagen ikkje blir send inn innan klagefristen (fvl. § 29).
- c) Det påklaiga vedtaket blir oppheva, utan at det blir gjort nytt realitetsvedtak (fvl. § 34, 4. ledd). Saka går då tilbake til underinstansen for ny «fyrstegongs»-behandling. (Særlig aktuelt kor grunngjevinga av det påklaiga vedtaket blir funne å vere utilstrekkeleg, men kor det ikkje ligg føre nok opplysningar til å gjere nytt realitetsvedtak).
- d) Klageinstansen gjer nytt vedtak (fvl. § 34, 4.ledd). (Avgrensingar i åtgangen til endring i klagars disfavør, fvl. § 34, 3.ledd).
- e) Klagen blir ikkje teken til fylgje. Dette inneber stadfesting av det påklaiga vedtaket.

12. POLITISK STYRINGSMODELL

